

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

Referat 8. mai 2018

Fysisk møte i Bodø (Nord universitet)
Kl. 12.00-15.00

Til stades: Lisbeth Morlandstø (leiar), Lin Prøitz, Marika Lüders og Terje Skjerdal (ref).

Forfall: Magnus Hoem Iversen, Balder Holm og Anne Mette Bjørgen.

1. Innkalling

Godkjend utan merknader.

2. Referat frå styremøte 12. desember 2017

Godkjent utan merknader.

3. Orienteringar

- **Innmeldingar:** Fem nye har kome sidan årsskiftet.
- **Søknader:** Søknad om 50.000 kr i støtte til medieforskarkonferansen sendt til Nord universitet. Fritt Ord har gjeve 50.000 kr i støtte, 25.000 kr mindre enn søkt om. Ventar på svar frå RAM om omdisponering av midlar (overflødige midlar for Norsk medietidsskrift).

4. Utfordring med ubetalt medlemskontingent

Etter siste purring frå Universitetsforlaget/Aschehoug er det 81 personar som vil bli strokne som medlemmer anten fordi dei ikkje har betalt (62), er døde (2) eller har sagt opp (17). Tilbake står 94 medlemmer, som er ein drastisk tilbakegang. Me må gjera det me kan for å henta inn att personar som me eigentleg trur vil stå som medlemmer.

- Terje tek kontakt med Aschehoug og dobbelsjekkar at personane faktisk er strokne frå listene.
- I fellesskap tek me så direktekontakt med desse og ber dei om å melda seg inn att. I same epost minner me om medieforskarkonferansen, og om dei 500 kronene i avslag på konferanseavgifta (medlemskapen kostar 400 kr).
- Samstundes viktig at det vert sjekka at dei som vil ha avslag på konferansen fordi dei er medlemmer, faktisk er medlemmer. Lisbeth sjekkar listene etter at påmeldingsfristen er utgådd 1. juli.
- Terje høyrer med Aschehoug om alternativ til papirfaktura (e-faktura eller autogiro).

5. Komitear

Heider og formidling: Anne Gjelsvik, Kristin Skare Orgeret og Sara Brinch har sagt ja.

Master: Terje Colbjørnsen og Eva Bakøy har sagt ja. Styret supplerer med ein av sine egne.

Informasjon om masterprisen på nettsida må oppdaterast. Lisbeth snakkar med Marianne Monstad om dette. Informasjonen bør med i neste nyheitsbrev.

Nominasjonsfrist til dei ulike prisane: 15. august 2018 (til leiaren av Medieforskarlaget). Me ber om kort grunngjeving for nominasjonar til heider og formidling. Grunngjeving for masternominasjon: inntil to A4-sider. Marika og Lin kontaktar høvevis heider-/formidlingskomiteen og masterkomiteen og informerer om fristar m.m.

6. Strategi for å få folk til å melda seg på til medieforskarkonferansen

- Info bør på nettsida (Terje kontaktar Roswitha).
- Lisbeth sender påminning til gruppeleiarane. Mogleg å supplera gruppene etter utgådd frist dersom det er plass.
- Info om konferansen vert sendt ut i samband med innhenting av ikkje-betalande medlemmer.

7. Møteplan framover

12. juni 2018 kl. 14-15: Skype

11. september 2018 kl. 14-15: Skype

16. oktober 2018 kl. 14-15: Skype (to dagar før konferansen)

Styret avslutta møtet med omvising i konferanselokala på Nord universitet, før middag på Bryggerikaia.

Terje Skjerdal (ref)